

Julestemning i Skånevik.

Det blir mange gode muligheter for å komma i julestemning i Skånevik i helga som kjem. Bygdefolk og gjester inviteres til aktiviteter heile helga.

JULEGATEOPNING OG JULEGRANTENNING

Det begynner med julegateopning fredag. Julelysa vil vera på plass i gata og julepynta butikkar har ope til klokka atten, før alle samlast i Doktorhagen til julegrantenning. Her vil me få fin musikk fra Skånevik Musikklag medan me går rundt juletreet. Damehandballen står for salg av varm kakao og gløgg. Nissen kjem for å vera med å gå rundt juletreet. Nissen ber alle born om å huska å skrive navn på ynskjelistene sine ☺

JULEMARKNAD

Laurdag brakar det laus med julemarknad i Skånevik Kultur og Idrettshall. Her vert det juleverkstad, salsboder, auksjon, loppemarknad og sal av mat mm(sjå eige program) Ta med tanter, naboar og vener , her blir kos og kaffi og gode muligheter for å finna fine julegåver.

Når marknaden stenger blir det fakkeltog til juleøya (Peparen)

STEMNINGSFULL JULEØY

For alle oss som fekk oppleva juleøya (Peparen) i fjor er dette noko me ser fram til. Det var stemningsfullt og flott det me fekk sjå i fjor.

Marlen Tjøsvoll fra Team Hanne (og kalla:”jenta med den store stemma”) vil i lag med pianist *Nils Einar Helland* halda ein liten minikonsert ved opninga av juleøya. Englane vil òg i år servera engleboller.

Dette gir julestemning!

FAMILIEGUDSTENESTE

Søndag er den første søndag i advent og det vert stor familiegudsteneste i Skånevik Kyrkje. Der mellom anna Skånevik speidarane og 4-åringane er inviterte.

PROGRAM FOR JULEHELG I SKÅNEVIK

FREDAG:

Julegateopning i sentrum.

Butikkane har ope til kl.18.00

Julegrantenning i Doktorhagen kl. 18.00

LAURDAG:

Julemarknad i Skånevik Kultur og Idrettshall 10.00 – 17.00

Fakkeltog fra Skånevik Kultur og Idrettshall til Juleøya (Peparen) kl. 17.00

Opning av juleøya m.underhaldning kl.17.30

SØNDAG:
Familiegudsteneste i Skånevik Kyrkje kl.11.00

VELKOMMEN!